



Godtfred Syslak  
Skårnesvegen 58  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/670 - 15/6158

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
17.03.2015

## Løyve til tiltak utan ansvarsrett - Oppføring av gjødsellager, gbnr 114/2, Verås

### Administrativt vedtak. Saknr: 089/15

**Tiltakshavar:** Godtfred Syslak  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av sylindrisk gjødsellager. Det er opplyst at bunnplate har innvendig radius på 10.916 m som gjev bruksareal (BRA) til ca. 374 m<sup>2</sup> og utvendig radius bunnplate er opplyst til å vere på 11.399 m som gjev bygd areal (BYA) ca. 408 m<sup>2</sup>. Gjødsellageret er i søknad opplyst til å ha eit volum på 1497 m<sup>3</sup>. Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, til dels utført i samband med etablering av landbruksveg som passerer tiltaket si plassering.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.02.15 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 17.03.15.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Tiltaket er i samsvar med føremålet og krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er opplyst at det er over 200 m frå tiltaket til næraste bygging. I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling av tiltaket. Ein finn at naboar og gjenbuars interesser ikkje vert nemneverdig råka av arbeidet.



## Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.01.15.

Minsteavstand til nabogrense er i Gemini målt til å vere om lag 170 meter. Avstand til offentlig veg er i Gemini målt til å vere om lag 220 meter.

Innsendt tekningsgrunnlag skildrar korleis tanken skal settast opp. Sjølv sylindren består av 29 element med høgde 4 m. Vi forstår det slik at tiltaket får ei høgde i høve terreng på 4 m, i tillegg kjem bunnplate.

Tiltaket er levert med følgjande arbeidsskildring:

## ARBEIDSBESKRIVELSE:

### FUNDAMENTERING:

- 1: Grav minst 1,0 m utenfor bunnplaten
- 2: Tanken kan graves ned i fullt dybde eller i jevnt skrånende terreng med maksimal skråningshelning ca. 1 : 10  
Det forutsettes at tilbakefyllingsmassene ikke inneholder steinstørrelser over ca. 150 mm
- 3: Grunnvannstanden må vere drenert til under bunnplatenivå for å hindre oppressing av platen
- 4: Platen avrettes så godt det lar seg gjere der elementene skal stå
- 5: Bunnplaten beskyttes mot uttørring etter utstøping  
Platen må herde minst 7 dagar før belastning.

### ELEMENTLEVERANSE

DB 29	29	3	4,0m	14,97	21,83
NAVN	ANTALL	TYPE	HØYDE	TANKVOLUM	INNV. DIAM.
	ELEMENTER			m <sup>3</sup>	m

## Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra avkjørsle.

## Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Saka har vore diskutert med landbrukseininga som opplyser at det ligg føre jødslingsplan for bruket. Vidare vert det opplyst at jødsellageret vert plassert på tildels ferdigplanert terreng (sprengstein) og inn til høgdedrag/skjæring i terreng slik at ein kan fylle lageret frå høgdedraget. Slik vi forstår tiltaket vil det då verte tilfyllt i bakkant. Tiltaket vil vere dempa i høve til naturlege omgjevnadar.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VURDERING:**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Plassering av tiltaket skal dokumenterast ved søknad om ferdigattest.

#### **Visuelle kvalitetar**

Slik vi forstår tiltaket vil det verte tilfylt i bakkant. Tiltaket vil vere dempa i høve til naturlege omgjevnadar. Tiltaket har etter kommunen sitt skjønns kvalitetar i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 b) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av gjødsellager på eigedom gbnr. 114/2. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan datert 22.01.15 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Faktisk plassering av tiltaket skal vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
3. Fotodokumentasjon (bilete) av tiltaket i høve til naturlege- og bygde omgjevnadar sendast kommunen seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
4. Ved søknad om bruksløyve/ferdigattest skal det leggjast ved dokumentasjon som syner at landbrukseininga har vore og kontrollert gjødsellageret jf. forskrift om organisk gjødsel § 20, 3.ledd
5. Gjødsellageret skal jevnleg kontrollerast med omsyn til om det fungerer som forutsett og er tett mot lekkasje jf. forskrift om organisk gjødsel § 20, 3.ledd.
6. Toppen av tanken og fjellskjering må sikrast med gjerde/rekkverk for å hindre skade på person jf. plan- og bygningslova § 28-1, 1.ledd.
7. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: [flett inn arkivsak id]

## Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. **De kan nytte vedlagt skjema til å søkje om bruksløyve/ferdigattest for tiltaket.**

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.
2. Fotodokumentasjon av tiltaket i høve til naturlege- og bygde omgjevningar.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Kartbasis	1	Kr. 500,-
10.3.1	Driftsbygning i landbruket, mindre enn 1000m <sup>2</sup>	1	Kr. 6.000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr. 6.500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
Avdelingsleiar byggesak

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

5167N\_Søknad om ferdigattest  
5169N\_Søkn. om mid.br.till-6

## Mottakarar:

Godtfred Syslak

Skårnesvegen 58 5955

LINDÅS